



**Volda
kommune**

Planføresegner

(etter plan- og bygningslova)

Detaljreguleringsplan for Volda ungdomsskule

Gnr. 19, bnr. 164 og 251, plan ID 2019005

§ 1 – Generelt

1.1. Gyldigheitsområde

Desse reguleringsføresegnene gjeld for det området som på plankartet er synt med reguleringsgrenser. Innanfor desse grensene skal areala nyttast slik plankart og føresegner fastsett. Eigedomane som er omfatta av reguleringsgrensa er gnr. 19, bnr. 164 og gnr. 19, bnr. 251.

1.2. Andre lover og vedtekter

Reguleringsføresegnene til denne planen kjem i tillegg til plan- og bygningslova og dei til ei kvar tid gjeldande bygningsvedtektene for kommunen.

1.3. Unntak

Etter at denne reguleringsplanen med tilhøyrande kart og føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med desse dokumenta.

§ 2 – Reguleringsføresmål

Areala innanfor planen sine grenser er regulert til følgjande formål:

1. Bygningar og anlegg (pbl. § 12-5, nr. 1)
 - Undervisning (BU)

§ 3 – Fellesføresegner

3.1. Plassering og definisjonar

Bygningar skal plasserast innanfor regulert byggjegrænse. Tillat bebygd areal (BYA) definerast etter teknisk forskrift (TEK). %-BYA definerer tillat bygd areal i prosent av tomta sitt nettoareal. Parkeringsareal skal reknast i BYA.

3.2. Bygningane si form, plassering og materialbruk

Ved handsaming av byggjesøknad skal kommunen sjå til at bygningar får ei god form og gode materialval. Det skal leggjast vekt på å finne gode løysingar for gode funksjonar og eit attraktivt miljø for elevar og tilsette. Dette gjeld både i skulebygg og på uteområde/skuleplass. Bygningar kan ha flatt tak, pulttak eller tak med møne.

3.3. Terreng, utomhusplan

Dei delane av tomte som ikkje er utbygd skal utformast tiltalande og leggjast til rette for variert uteaktivitet som er tilpassa ungdomstrinna i grunnskulen. Areala skal vere universelt utforma og leggje til rette for leik, idrett og læring. Det skal utarbeidast utomhusplan som syner areal for opphald, ulik aktivitet og leik, parkering og tilkomstveggar.

3.4. Kommunalteknisk anlegg

Innanfor byggeområdet kan det oppførast trafokiosk, pumpestasjon eller andre tekniske innretningar der det er naudsynt. Slike anlegg skal plasserast og utformast med omsyn til både bygningar og uteområde og deira funksjonar. VA-rammeplan skal utarbeidast i samband med byggjesak.

3.5. Drenering og tilgang til kommunalteknisk anlegg

Det skal sytast for at naudsynt drenering for overvatn og grunnvatn. Det skal leggjast til rette for fordrøying dersom det vert auka avrenning ut over dagens situasjon. Det er då den auka vassmengda ut over dagens situasjon som skal fordrøyast.

3.6. Parkering og sykkelparkering

Det skal etablerast minst 0,25 biloppstillingsplassar/parkeringsplassar per tilsett på ungdomsskulen, jf. § 2.12.1 i utkast til kommuneplanen sin arealdel 2019-2030 (rev. 04.07.2019). Minst 10 % av desse plassane skal vere opparbeidde med ladepunkt for elbil og det skal leggjast til rette med naudsynt infrastruktur for at resten av parkeringsplassane kan få ladepunkt i framtida, jf. § 2.12.2 i same dokument. Det skal vere opparbeidd og reservert minst to parkeringsplassar for personar med nedsett funksjonsevne. Dersom det innanfor planområdet vert opparbeidd meir enn 50 parkeringsplassar skal minst fire av desse vere opparbeidde og reservert personar med nedsett funksjonsevne, jf. parkeringsforskrifta § 61.

Det skal settast av minst 0,7 sykkelparkeringsplassar per elev/tilsett, jf. utkast til kommuneplanen sin arealdel § 2.11.2. Sykkelparkeringa skal plasserast nærme inngangsparti, på ein oversiktleg stad.

Parkeringsareala skal kome fram i situasjonsplan og utomhusplan.

3.7. Universell utforming

Planlegging og utforming skal basere seg på prinsippa om universell utforming og tilgjenge for alle. Dette gjeld både bygningar og utomhusareal. Ein legg her til grunn krava i PBL § 1-1 og §29-3, samt TEK17.

3.8. Automatisk freda kulturminne

Dersom ein under arbeid i området kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne, pliktar ein å stoppe arbeidet umiddelbart og ta kontakt med kulturavdelinga hjå Møre og Romsdal fylkeskommune for vidare avklaringar, jf. kulturminnelova § 8, andre ledd.

§ 4 – Bygningar og anlegg

4.1. Undervisning (BU)

- 1.1.1. Innanfor planområdet kan det etablerast bygningar til skule og undervisning og kulturhus.
- 1.1.2. Eksisterande skulebygningar og tilhøyrande gymsalar tilknytt Volda ungdomsskule skal rivast.
- 1.1.3. Utnyttingsgrada er 80% BYA.
- 1.1.4. Nytt skulebygg kan oppførast i tre (3) etasjer frå dagens terreng.
- 1.1.5. Nytt kulturhus kan oppførast i to (2) etasjer frå dagens terreng.
- 1.1.6. Innanfor planområdet skal det etablerast ny skuleplass/uteopphaldsareal. Detaljane skal synast i situasjonsplan/utomhusplan.
- 1.1.7. Innanfor planområdet skal det etablerast parkeringsplassar for køyretøy og sykkel jf. § 3-6 i desse føresegnene.
- 1.1.8. Innanfor arealformålet kan det etablerst interne fortau/gangveggar.
- 1.1.9. Situasjonsplanen ved etablering av tiltak skal vise følgjande:
 - Tilkomstveggar for køyretøy og tilkomst for gåande og syklende, herunder interne fortau/gangveggar.
 - Parkeringsplassar for køyretøy og sykklar. Det skal også visast eventuelle murar, gjerder, plassar for snølagring, skråningar og drenering.
 - Plassering og høgde på bygningar med terrengsnitt med høgder på tilstøytande/kringliggjande bygningar og terreng. Takvinklar, møneretningar og etasjetal på planlagde bygningar skal synast i terrengsnitta.

§ 5 – Uteareal

- 5.1. Det skal varierast mellom fast og mjukt dekke, og leggjast til rette for eit miljø om inviterer til variert aktivitet, læring, leik og trivsel. Det skal leggjast til rette for etablering av gode sosiale møteplassar.
- 5.2. Ikkje utbygd del av tomta skal utformast tiltalande. Det er ikkje tillate å ha skjemmaende skjeringar og fyllingar. Skjeringane som følgjer av utgraving/planering av tomt skal tilplantast med stadeigen vegetasjon. Skråningane skal framstå som vegetasjonsbelte.

- 5.3. Ein bør i størst mogleg utstrekning søkje å ta vare på og nytte eksisterande terreng og vegetasjon i området i samband med utbygging og tilplanting.
- 5.4. Uteareal skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget elles i samsvar med utbyggingsplan godkjent av kommunen.
- 5.5. Ved trinnvis utbygging skal utbyggingsareal som ikkje vert teke i bruk med ein gong opparbeidast førebels med vegetasjon el. etter utbyggingsplan. Uteareal skal opparbeidast og ferdigstillast samstundes med bygningane/anlegget elles.
- 5.6. Kommunen skal ha rett til å nytte uteareal i samband med naudsynt vedlikehald av kommunaltekniske anlegg som kryssar eller ligg inntil byggeområda.
- 5.7. Terreng, gjerde og hekkar langs gater og i kryss skal ikkje vere høgare enn 0,7 m over vegnivået. Ved avkøyrsløse gjeld krava ovanfor, men høgda skal ikkje vere over 0,5 m

§ 6 – Rekkefølgjekrav

- 6.1. Det skal utarbeidast VA-rammeplan i samband med søknad til byggjesak.
- 6.2. Det skal utarbeidast situasjonsplan, utomhusplan samt terrengsnitt for planområdet i samband med søknad til byggjesak jf. § 3.3, § 3.6, § 3.7, samt § 4 og § 5 i desse føresegnene.
- Det skal utarbeidast sol-/skuggeanalyse for nye bygg i samband med søknad til byggjesak.